

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

10 MAR 2015



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		13771/2015/U64	Lillian Sæther Sørheim, 71 25 81 96	04.03.2015

Felles cruisestrategi for Vestlandet - vedtak i Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Felles cruisestrategi for Vestlandet vart behandla i Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune måndag 23. februar.

Vedlagt følgjer vedtak gjort i sak U 16/15 Felles cruisestrategi for Vestlandet.

Med helsing


Frank Madsøy
ass. regional- og næringssjef


Lillian Sæther Sørheim
rådgivar

Vedlegg : Vedtak i sak U 16/15 Felles cruisestrategi for Vestlandet.

Kopi : Hordaland fylkeskommune, Næringsseksjonen, Att. Mette Nora Sætre, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Behandling i Fylkesutvalet - 23.02.2015

Randi Asbjørnsen (SL/TVP) fremma følgjande endringsforslag på vegner av seg sjølv, Gunn Berit Gjerde (V), Frank Sve (FrP), Anne Dyb Liaaen (H) og Oddbjørn Vatne (SP):

«Kulepunkt 3 endres til:

Næringssjefkollegiet, administrative representantar frå Stavanger, Bergen og Ålesund/Stranda, i tillegg til representantar frå typiske turistkommunar med stor cruisetrafikk, utgjer den daglege styringsgruppa og rapporterer til AU ved viktige høve i arbeidet.»

Votering:

Fylkesrådmannen si tilråding med tillegg til pkt. 3 som vart fremma i møtet, vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 23.02.2015

- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til vedtaket i Vestlandsrådet og ber om at det blir utarbeidd ein overordna cruisestrategi for Vestlandet som tar utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter som er omtala i forstudien utarbeidd av dei fire Vestlandsfylka. Cruisestrategien innarbeidast som ein del av «Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020».
- AU/næringssjefkollegiet godkjenner endeleg utredningsmandat.
- Næringssjefkollegiet, administrative representantar frå Stavanger, Bergen og Ålesund/Stranda, i tillegg til representantar frå typiske turistkommunar med stor cruisetrafikk, utgjer den daglege styringsgruppa og rapporterer til AU ved viktige høve i arbeidet.
- Styringsgruppa engasjerer ekstern hjelp i den grad ein treng det, innanfor ramma Vestlandsrådet har løyvd til formålet.